



**FYLKESMANNEN I ROGALAND  
UTDANNINGSAVDELINGA**

**TILSYN MED FINNØY KOMMUNE**

---

**TIDSPUNKT:** 23. november 2007                      Vår ref: 07/9114

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Finnøy kommune, Rådhuset, 4160 Finnøy

**KOMMUNENR:** 1141

**TILSYNSGRUPPE:** Jorunn H. Barka, Margot Bergesen og Sølvi Ona Gjul

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Kommunalsjef Reidulf Vignes

---

**Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1 andre og tredje ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 frå Utdannings- og forskingsdepartementet og delegasjonsbrev datert 13.09.07 frå Utdanningsdirektoratet.

**Tema for tilsynet:**

Tema for tilsynet er reglane om organisering av elevane i grupper jf. opplæringslova § 8-2. Tilsynet kontrollerte om skoleeigar oppfyller lova sine krav i denne regelen, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10.

**Samandrag av resultat:**

**Avvik 1:**

Finnøy kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova om organisering av elevar i grupper blir oppfylte.

---

Jorunn H. Barka  
tilsynsleiar

Margot Bergesen  
rådgivar

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør

## Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

## Vedlegg:

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn  
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Finnøy kommune 23. november 2007.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Finnøy kommune oppfyller lova sine krav i forhold til § 8-2 om organisering av elevane i grupper. Tilsynet tok også føre seg om Finnøy har eit forsvarleg vurderings- og oppfølgingssystem. Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

## 3. Avvik

### Avvik 1:

Finnøy kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova om organisering av elevar i grupper blir oppfylte.

### Avvik frå:

Opplæringslova § 13-10, 2. ledd:

*"Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1, 4. ledd.*

### Lovkommentar:

Kommunen skal ha eit forsvarleg system der systematiske tiltak sikrar at verksemda sine aktivitetar blir planlagde, organiserte, utførte og haldne ved like i samsvar med krav fastsette i eller i medhald av opplæringslova med forskrifter. Dette inneber at skoleeigar jamleg kontrollerer eiga verksemd i høve til gjeldande regelverk. Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift, og som sikrar at det blir sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig. Systemet må ha kjend struktur og vise kontinuitet. Systemet må utformast på ein slik måte at elementa i systemet blir knytte opp mot krava i lov og forskrift.

### Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Det er synleggjort gjennom dokumentasjon og intervju at kommunen har enkelte element av eit system, med ulike rutinar og prosessar mellom skole- og kommunenivå, men dei er ikkje skriftleggjorde og kjende i heile organisasjonen.

Kommunen har laga ein prosedyre for inndeling av elevane i grupper. Prosedyren omtalar ikkje arbeidet med dei konkrete vurderingane som opplæringslova krev, jf. § 8-2, og er heller ikkje kjend i heile organisasjonen.

Det er avdekt gjennom dokumentasjon og intervju at det ikkje er etablert ei felles forståing av kva lovkrava i § 8-2 inneber. Det er heller ikkje dokumentert at kommunen har rutinar for å sikre at skolane har nødvendig kompetanse i lov- og regelverket.

Det er ikkje synleggjort gjennom tilsende dokument og intervju at skoleeigar har rutinar for systematisk kontakt med skolane for å hente inn informasjon og gi tilbakemeldingar.

Kommunen har ikkje felles forståing og praksis knytt til eit forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10, 2. ledd, for å vurdere om krava i opplæringslova og forskrifter til lova blir oppfylte. Tilsende dokument og intervju stadfestar dette.

#### **4. Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	16.10.07
Formøte blei halde:	12.11.07
Intervjua blei gjennomførte:	23.11.07
Sluttmøte blei halde:	13.12.07

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

#### **5. Oppfølging**

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Finnøy kommune om korleis avviket i rapporten er følgt opp innan 1. april 2008.

## Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

---

Materiale tilsendt frå Finnøy kommune på førehand av, og under tilsynet:

1. Rammetimetal for 2007/2008 – sakspapir til formannskapet
2. Delegasjonsreglement i budsjettsaker – vidaredelegering frå kommunalsjef for OKO
3. Vidaredelegering av mynde etter reglement for delegasjon i budsjettsaker – jfr. k.sak 40/95 – frå 15. august 1996
4. Fag og timebyteplan 2007/2008
5. Forslag til fag- og timebyteplan i samband med ny læreplan for Finnøy sentralskule (2006)
6. Utgreiing av § 8-2, 1. og 2. ledd – ansvarsområde
7. Prosedyre ved deling i grupper, jf. § 8-2 i opplæringslova
8. Skulebasert vurderingssystem for grunnskulane i Finnøy
9. Utviklingsmål for grunnskulen i Finnøy kommune – april 2007
10. Rammetimetal for skuleåret 2007/2008 – alle skulane i Finnøy kommune
11. Rammetimar for Finnøy sentralskule
12. Rammetimar for Fogn oppvekstsenter
13. Rammetimar for Ombo oppvekstsenter
14. Rammetimar for Halsnøy oppvekstsenter
15. Rammetimar for Talgje oppvekstsenter
16. Rammetimar for Sjernarøy skule
17. Budsjettoversikt, lønsutgifter i høve til budsjett
18. Spesialtimar til førskuleborn
19. Spesialpedagogiske tiltak i skular og barnehagar i Finnøy
20. Handlingsplan mot mobbing – Finnøy sentralskule 2007/2008
21. Overgang barneskule/ungdomsskule – Finnøy sentralskule
22. Elevundersøking/trivselsundersøking 1-3 klasse, Finnøy sentralskule, avd. Hesby
23. Avgangskaraktarar i grunnskolen 10. trinn
24. Resultat nasjonale prøvar 5. trinn og 8. trinn
25. Klasseresultat ”kartlegging av lesdugleik” 2. trinn, Finnøy sentralskule, avd. Hesby
26. Kartlegging ved Finnøy sentralskule, norsk, engelsk, matematikk
27. Elevundersøkinga/trivselsundersøkinga Hesby – jan 2007
28. Elevundersøkinga Finnøy sentralskule 5., 6., 7., 8., 9. og 10. trinn, 2006
29. Døme på timeplanar Finnøy sentralskule for 2., 5., 8. og 10. trinn
30. Årshjul Finnøy sentralskule 2007/2008
31. Oversikt over elevtimar i ordinær undervisning og spesialundervisning Finnøy sentralskule
32. Verksemdplan for Finnøy sentralskule 2007/2008
33. Rutinar for arbeidet med inndeling av elevane i grupper på skulen, Fogn oppvekstsenter
34. Kartlegging av lesdugleik 5. trinn 2005-2007, Fogn oppvekstsenter
35. Kartlegging av dugleik i norsk 3. trinn 2004-2006, Fogn oppvekstsenter
36. Kartlegging av dugleik i norsk 2. trinn 2003-2007, Fogn oppvekstsenter
37. Kartlegging i matematikk 5. trinn 2005-2007, Fogn oppvekstsenter
38. Elevundersøkinga Fogn oppvekstsenter 2007
39. Foreldreundersøkinga Fogn oppvekstsenter 2007
40. Timeressursfordeling Fogn oppvekstsenter 2007-2008

41. Døme på timeplanar 1. og 2. trinn
42. Årsmelding frå Finnøy sentralskule 2006
43. Informasjonskatalog om Finnøy sentralskule

## Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Namn	Funksjon	Føremøte	Intervju	Sluttmøte
Magne Kongsvik	Rådmann	X	X	
Reidulf Vignes	Kommunalsjef	X	X	X
Paul Aano	Rektor Fogn oppvekstsenter	X	X	X
Jostein Østhus	Rektor Finnøy sentralskule	X	X	X
Mari-Anne Runestad	Lærer Fogn oppvekstsenter	X	X	
Vibeke Meling	Lærer Finnøy sentralskule	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Jorunn H. Barka, rådgivar Margot Bergesen og utdanningsdirektør Sølvi Ona Gjøl med førstnemnde som tilsynsleiar.